



AF Decom AS
Christer Mæhlum
PB 6272 Etterstad
0603 OSLO

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3781 - 16/5328

Saksbehandlar:
Benjamin Hicks
Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:
26.02.2016

Løyve til riving av brannskadet bygning og sanering av overflatemasser - gbnr 99/27 og 31 Våge

Administrativt vedtak. Saknr: 129/16

Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av total brannskada bygning ved Fjellangersvingane 8. Søkjar opplyser at «Bygget er totalskadet av brannen og utgjør en trussel for helse og miljø da det er stor spredning av asbestbiter av typen eternitt» Vidare at «Eksisterende bygningsmasse søkes komplett revet. Etter riving vil tomten bli sikret og arrondert».

Planstatus

Eigedommen inngår i den nyleg vedtatte kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden vedtatt av kommunestyret den 24.09.2015. Det går fram av kommunedelplanen at arealføremålet er næring.

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Andre mynde

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt. Vedtaket vert oversendt arbeidstilsynet og Fylkesmannen i Hordaland til orientering.

Nabovarsel

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling av naboar, då ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet.

Avfallsplan

Tiltaket har krav til avfallsplan etter TEK § 9-6. Det er krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7.

VEDTAK:



Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 bokstav e vert det gjeve løyve i eitt-trinn for riving av brannskada bygning på gnr. 99 bnr. 27 på følgjande vilkår:

1. Det skal gjerast undersøkingar for å avklara omfanget av spreidning av asbest i nærområdet også utanfor eigne tomtegrensar. Det må sendast inn ein situasjonsplan som viser kva for areal som er tilført asbest herunder asbestbiter og asbeststøv. Dersom undersøkingar viser at spreidning av asbest ikkje går utover dei areala som vises på situasjonsplan av 2015.11.06, må det sendast inn dokumentasjon på kva slags undersøkingar som er utført, og kor ev. prøvetaking er gjennomført.
2. Det må dokumenterast korleis massane under godkjente brakker på eigedomen har vore håndtert, og at det ikkje ligg igjen asbest på eller i grunnen under brakkene.
3. Overflatemasser innanfor område som er tilført asbestbiter og asbeststøv må sanerast av kompetent føretak.

Kommunen vil be om at at avfallsplan og miljøsaneringsrapport blir sendt inn til kommunen før arbeida tek til.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen. Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/3781

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Benjamin Hicks
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arbeidstilsynet	Postboks 4720 Sluppen	7468	TRONDHEIM
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	Bergen
Jenfrid Jhr AS	Troldhaugvegen 53	5232	PARADIS
Mottakarar:			
AF Decom AS	PB 6272 Etterstad	0603	OSLO